



Roy Feirud

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/9 - 18/1404

Saksbehandlar:
Kjell Langeland
kjell.langeland@modalen.kommune.no

Dato:
12.06.2018

Modalen gnr 76 bnr 103 oppføring av bustadhus.

Administrativt vedtak. Saknr:

Saksutgreiing:

Vi syner til Fylkesmannen i Hordaland sit vedtak om oppheving av Modalen kommune ved formannskapet sit vedtak av 11.09.2017 i sak 048/2017, byggjeløyve med endra plassering av utkjøyring.

Fylkesmannen finn at grunngjevinga for å flytte utkjørsla ikkje er tilstrekkelig og opphevar vedtaket.

Klaga er teken til følgje på eitt punkt. Det er då ikkje naudsynt å gå inn i dei andre klagegrunnane.

Fylkesmannens vedtak er endeleg, og kan ikkje klagast på, jf.fvl. § 28 tredje ledd.

Vedtak

Kommunen gjev rammeløyveløyve til etablering av bustadhus som vist på teikningar, kart og skildring mottatt 15.03.17, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Kommunen gjev dispensasjon som omsøkt frå byggegrense jf pbl § 29-4 for bygningsdel som ligg mot parkeringsplass i aust.

Modalen kommune gjev ikkje dispensasjon frå byggegrense i nord mot kommunal veg. Det vert gjev dispensasjon frå pkt 2.3.1 og pkt 2.3.2 reguleringsføresegner.

Det vert gjeve løyve til gesimshøgde på 8,9 m for dei to takoppletta.

Nabomerknader på plassering mot kommunal veg i nord vert teke til fylgje.

Andre merknader er ikkje teke til følgje.

Det vert gjeve ansvarsrett som omsøkt.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Bygning må trekkast fire meter frå grense mot kommunal veg i nord.

Før igangsettingsløyve vert gjeve, skal følgjande dokumentasjon vera sendt inn og godkjent av bygningsstyresmaktene:

Søknad om ansvarsret på dei andre faga

Eventuelt reviderte teikningar.

Før bruksløyve kan gjevast, må avkjørsel, veg og hovudleidning for vass- og avlaupsanlegg vera opparbeidd, jf. pbl § 18-1.

Tiltaket vert ikkje tillate satt i gang før det ligg føre løyve til igangsetjing.

Igangsetjingsløyve vert gjeve etter at fullstendig søknad etter pbl§ 21-2 femte ledd er sendt inn og kontrollomfang er definert.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen.

Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Med helsing

Tone Selmer Skuggevik
teknisk sjef

Kjell Langeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kjersti Vetlejord Børø
Roy Feirud